



Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgt. 16
5722 DALEKVAM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Lunde, 57 64 30 05 / 95 06 29 35

Vaksdal kommune - budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Innleiing

Vaksdal kommunestyre har i møte 16.12.2019, sak 96/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020. Handlingsprogram og økonomiplan for 2020 – 2023 vart vedteken i møte 17.06.2019, sak 52/2019. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden. Kommunen har god beteningsevne og finansierer delar av investeringane med avsette midlar/eigenfinansiering. Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, men er og klar på utfordringane som kan ligge i at ein stor del av kommunen sine inntekter kjem frå kraftproduksjon.

Folketalet har gått ned siste året, og gjelda aukar meir enn kommunen sine langsiktige målsetjingar for ein sunn kommuneøkonomi, allereie frå 2019. Lånegjelda er raskt aukande i perioden og ligg over landssnittet. Samstundes ser vi at ein utfordrande topografi, jernbane og vegar påfører kommunen ekstra utgifter, og at å legge til rette for ny busetjing og arbeidsplassar, utfordrar økonomien.

Kommunen må følgje opp at økonomiske oversikter i økonomiplan 2021 – 2024 blir fullstendige etter ny kommunelov med forskrifter, og sende desse inn til Fylkesmannen så snart som desse er vedteke.

Budsjett 2020

Dei frie inntektene er budsjettert noko lægre enn prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet, både på rammeoverføring og skatteinntekter. I prognosen frå KS etter oppdaterte skattetal og endeleg folketal pr. 01.01.2020, er skatteinntekter budsjetterte om lag likt med modellen, medan rammetilskotet ligg



under med ca. 2 mill. kroner. Dei frie inntektene ligg derfor noko lægre enn anslaga til KS. Kommunen har eigedomsskatt frå kraftproduksjon og kraftlinjer i tillegg til naturressurskatt og konsesjonskraftinntekter.

Førebelse tal for 2019 viser at netto driftsresultat utgjør 3,2 prosent, og ligg såleis godt over det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Dei budsjetterte tala for 2020 viser eit netto driftsresultat på 1,31 prosent.

Disposisjonsfond i prosent av brutto inntekter er for 2019 førebels på 17,3 prosent, noko som er godt over anbefalt nivå frå TBU på 5 prosent.

Kommunen vedtok i desember eit låneopptak innanfor ei låneramme på 100,1 mill. kroner, og samla investeringar innanfor ei ramme på 144 mill. kroner i 2020. Investeringar til VAR utgjør 16 mill. kroner av dette. Dei største investeringane finn vi innanfor helse og omsorg, og oppvekst.

Overføringar til tenesteeiningane viser størst auke til helse og omsorg og oppvekst, sett bort frå prisstigning og aktivitetsnivå. Vi ser og, ut frå innsende budsjettdokument, at det har vorte gjort endringar i budsjettframlegget i møte i formannskapet 17.01.2020.

Økonomiplan 2020 – 2023

Økonomiplanen, som vart vedteken i juni 2019, viser positive netto driftsresultat i heile planperioden, og dei årlege resultatane er planlagt avsette til fond. Sidan økonomiplanen vart vedteken etter gammal kommunelov, må dei økonomiske oversiktane setjast opp på nytt etter ny kommunelov, ved handsaming av ny økonomiplan.

Samla nye investeringar i perioden utgjør om lag 356 mill. kroner, av dette er 46 mill. kroner til VAR. Investeringane til demenssenter/helsehus og skular i Dale, Vaksdal og Stamnes utgjør dei største tiltaka. Samanlikna med økonomiplanen som vart vedteken i juni 2019, er det ein auke i investeringane i 2020, og endringar elles i planperioden.

Fylkesmannens vurdering

I budsjettet for 2020 budsjetterer kommunen noko lægre i overføringane av rammetilskot enn det som ligg inne i KS sin prognosemodell. Inntekter frå kraftproduksjon gjer at kommunen bør ha god økonomi og handlefridom. Budsjettert netto driftsresultat på 5,4 mill. kroner blir avsett til fond.

I statistikkbanken til SSB finn vi at langsiktig gjeld (eks. pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter utgjør 117,8 prosent for Vaksdal etter førebelse tal for 2019, medan talet for landet (eks. Oslo) utgjør 110,5 prosent. Med dei planlagde investeringane som ligg inne for 2020 vil gjelda utgjere om lag 573 mill. kroner ved utgangen av året. Dette betyr at langsiktig gjeld, i prosent av driftsinntektene, aukar til 138 prosent ved utgangen av året, noko som er høgt.

Fylkesmannen har elles ingen andre merknader til budsjett for 2020.

Kommunen har gode inntekter og økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine. Førebelse tal for 2019 viser at frie inntekter per innbyggjar utgjør 68 069 kroner, medan dei på landsbasis utgjør 57 297 kroner. Kommunen har god handlefridom.

Når det gjeld investeringar i planperioden skal det dei tre siste åra i perioden investerast for om lag 212 mill. kroner. Fylkesmannen er noko uroa for gjeldsnivået i perioden, som allereie er høgt etter 2020, og



korleis dette vil slå ut når det gjeld tenestetilbodet til innbyggjarane. Vi ber om å få tilsendt ny økonomiplan og nye økonomiske oversikter, etter ny kommunelov, når desse er vedtekne.

Ut frå prognosar frå SSB vil kommunen få ein auke i dei eldre årsklassane og nedgang i dei yngre. Dette betyr at behovet for årsverk/arbeidskraft vil auke mest innanfor institusjon og heimetenester framover.

I ny kommunelov blir det lagt vekt på at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Det er positivt at kommunen er klar på sine utfordringar og set seg mål for ein langsiktig og sunn kommuneøkonomi. Det er og bra at mål og tiltak for dei ulike tenestoområda er innarbeidd i planen. Historiske Kostra-tal saman med nøkkeltal samanlikna med driftsinntekter og folketalsutvikling, gir ei god oversikt om retning for utviklinga av Vaksdal kommune.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent